

50 år med sentralskule i Jostedalen

Tekst: Oddmund L. Hoel

I haust er det 50 år sidan dagens skulebygning i Jostedalen stod ferdig. Det er nok sjølvsaft for dei fleste i dag at Jostedalen berre har éin skule, at han ligg på Bjørk og at det ikkje er ungdomsskule her. Me skal sjå på kvifor skulen hamna nettopp på Bjørk, og korleis det gjekk til at langstrekte Jostedalen vart ein samla skulekrins.

Den norske grunnskulen (allmugeskulen) har opphavet sitt i 1739. Då fastsette kongen ei lov om skulane på landet i Noreg som slo fast at alle born skulle ha ein viss skulegang. Skulestellet for Jostedalen vart fastslege i ein skulefundas i oktober 1741 der det vesle prestegjeldet vart organisert i to skulekrinsar. Det fanst ikkje skulehus, så læraren reise rundt på gardane og samle elevane i vanlege gardshus og ha undervisninga der. Hovudføremålet med skulen var å førebu borna til konfirmasjonen og gjere dei til gode kristne, og dei obligatoriske faga var kristendom og lesing medan skriving og rekning var valfrie fag.

Utover 1800-talet vart skulevesenet i landet bygt ut, og særleg viktig var allmugeskulelova av 1860 som slo fast at det skulle vere eigne skulehus og at læraren skulle ha lærarutdanning. Dei to skulekrinsane i Jostedalen vart splitta opp i fem, som kom til å stå ved lag i 100 år. Etter kvart vart det også bygt fem skulehus i Sperla (1876), i Kreken krins på Bjørk (1885), i Mjølverdalen krins på Røvomn ved Li (1891), på Myklemyr (1894), og i Krundalen krins på Snøtun (1898).

Tilbod

Luster kommune skal byggja to nye barneskular, Dale skule, samla golvfl. ca. 900 m², Jostedal skule, samla golvfl. ca. 700 m².

Båe skulane har like konstruksjonar i tre, mur og betong, ei høgd og kjellar under noko av bygget.

Det kan gjevast tilbod på kvar einskild skule eller på baa skular samla, hovudentrepr. el. delentrepr.

Tilbodmateriell for grunn-, betong-, mur-, puss-, tømmer-, snikkar-, glas-, blekkmakar-, malar-, golvlegging-, elektrisk- og røyrleggjararbeid får ein utlevert mot depositum kr. 100.—, i sjekk, som vert attendebetalt ved innlevering av tilbod.

Ein ynskjer og tilbod på planering av leikeplassane

Interesserte firma melder seg innan 12. aug. til

ark. MNAL
TORSTEIN WINJUM,
Aurland

Utlýsinga av bygginga (Bergens Tidende, 8.8.1966).

Etter andre verdskrigen meinte dei sentrale utdanningsstyresmakterne at dei mange små skulane var eit hinder for styrking av skulen. Folkeskulen var framleis sjuårig, men med den nye folkeskulelova av 1959 kom utvida skuletid for alle elevar, og det vart klart at utvidinga til niårig grunnskule var på veg, noko som vart vedteke av Stortinget i 1969. Kommunane sette i 1950- og 60-åra gang samanslåing av skulekrinsar, nedlegging av skular og bygging av sentralskular i stor stil.

I Jostedal kommune byrja skulehusa å dra på åra, og behovet for nye og moderne skulehus aktualiserte samanslåinga. Alt i 1938 vart det lagt planar for eit nytt skulehus på Bjørk. Elevtalet minka i alle krinsane, og i 1960 låg det føre eit framlegg om å slå saman dei fem skulekrinsane og byggje ein sentralskule for heile bygda.

I ei krinsrøysting hausten 1960 ville krinsane Krundalen, Mjølverdalen, Kreken og Sperla samle bygda til ein skulekrins. Krinsmøtet for Myklemyr føretrekte å lage ein felles krins med Vigdalen, Leirdalen og Alsmo i gamle Luster kommune, no som det gjekk mot kommunesamanslåing. Men også Myklemyr krins hadde som alternativ nummer to ein felles skulekrins i Jostedalen. Tanken om å samle heile Jostedalen i éin skulekrins hadde såleis brei oppslutnad.

Men kvar i all verda skulle han liggje? Krinsmøta og handsaminga i skulestyret og kommunestyret 1960/61 sprikte i alle retningar. Myklemyr krins ville ikkje ha skule lenger fram enn Mosevollen, fleirtalet i skulestyret ville ha skule på Gjerde, og Bjørk var på denne tida ikkje aktuell som skulestad. Mosevollen var ein stund den mest

aktuelle staden. Men kommunestyret såg annleis på saka og vedtok i to møte 6. og 27. desember 1962 å leggje sentralskulen til Bjørk. Det historiske vedtaket var gjort i det aller siste møtet i kommunestyret før kommunesamanslåinga med Hafslo og Luster vart sett i verk 1. januar 1963.

Det gjekk ei tid før bygginga av den nye skulen kom i gang, men i desember 1964 vart det valt byggenemnder for Jostedal skule og for Dale skule der det også skulle byggjast nytt skulehus. Den nye skulekrinsen og skulen måtte ha eit namn, og skulestyret i Luster fastsette i april 1965 ikkje overraskande at det skulle vere «Jostedal». Skulane i Jostedalen og Dale vart bygde parallelt, og arkitekten Torstein Winjum i Aurland fekk oppdraget. Sommaren 1966 vart byggjeprojekta lyste ut, og i 1967 kom bygginga i gang. Skulen kosta ca 750 000 kr etter ei overskriding på drygt 50 000 kr, noko som tilsvarar ca 7 mill kr med dagens kroneverdi for ein skule på ca 700 kvadratmeter. Ein kjem ikkje langt med 10 000 kr per kvadratmeter på skulebygg i dag. Skulebygningen var teikna med flatt tak, noko som ikkje var særleg godt tilpassa snøvintrane i Jostedalen. Etter mykje styr med lekkasjar og vedlikehald, kom dagens skråtak på plass i 1984 og gav skulen den utsjånaden han har i dag.

Til skulestart 21. august 1968 vart over 70 elevar frå heile Jostedalen ynskte velkomne til nye Jostedal skule. I åra før var elevane gradvis samla på færre skular. Elevane på Myklemyr skule vart sende til Sperla frå 1964 på grunn av lågt elevtal. I Kreken krins var skulehuset på Bjørk i så elendig forfatning at helserådet stengde skulen alt i 1957. Skulen flytte då til «nye» kommunehuset Sagarøy og heldt til der fram til 1968. I Krundalen greidde dei å få seg nytt skulehus i 1959, der Breførarlaget heldt til i dag, men elevtalet var i fritt

fall. Krundalen krins femnde og om Gjerde, og alt frå hausten 1963 vart elevane i Krundalen etter søknad frå foreldra sende til kommunehuset der elevane frå Kreken krins gjekk. Mjølverdalen skule heldt det derimot gåande til 1968. Det var såleis elevar frå dei tre skulane Kreken (kommunehuset), Mjølverdalen og Sperla som kom saman då skulen stod ferdig i 1968.

Sentralskulen var i drift, men kor mange klassesteg skulle gå der? Ved overgangen frå sjuårig folkeskule til niårig grunnskule var normalen tre års ungdomsskule (6+3), men kommunane kunne søkje om ei 7+2-ordning der sjuandeklassen vart verande på barneskulen. Då Luster ungdomsskule stod ferdig i Gaupne i 1970, vart det ei 6+3-ordning for Luster kommune. Men frå hausten 1976 fekk Jostedal skule etter søknad til kommunestyret løyve til å få att sjuandeklassen, og denne ordninga stod ved lag heilt til 1989. Seinare har det lege fast at elevane reiser til Gaupne når dei byrjar på ungdomsskulen, og eit framlegg i 2009 om å overføre sjuandeklassen til Gaupne vart ikkje noko av.

Ei rekkje lærarar har hatt arbeidsplassen sin ved Jostedal skule gjennom desse femti åra, og nokre få lyt nemnast. Guttorm Hesjevoll, Arne Røe og Magne Moen var rektorar i kortare periodar før Lars Thomassen kom i 1976 og var rektor til 1994. Han fekk i gang skuleavisa i 1977 og skapte mykje liv og røre på skulen. Asbjørg Ormberg tok over i 1994 etter å ha vore lærar sidan 1975 og var rektor til 2007, så Lars og Asbjørg er dei to som har styrt skulen lengst. Magda Bukve vart «headhunta» til sentralskulen i 1968 og var lærar til 1993. Og så må me sjølv sagt nemne Marie Fredheim som var lærar i heile 37 år, frå 1980 til 2017 og det meste av tida har vore dirigent i korpset.

KJELDER

- Kåre Øvregard: Skulen i Luster gjennom 250 år. Kulturhistoriske glimt frå skulen sitt arbeid i dei ulike krinsane. Gaupne 1996.
- Inger Helgestad: «Marie Fredheim – 37 år ved Jostedal skule», JSA, 2017.
- Asbjørg Ormberg: «Jostedal skule», Lustranytt, 2007.
- Vibeke Viem: «Jostedal skule 40 år», JSA, 2008/2009.

TAKBYGGJARANE



Det var ein kald morgon me gjekk ned til pumperommet. Der sat: Sverre Ruud, Jan Ruud, Gunnar Fossen og sjefen sjølv Olav Holen. Dei har jobba på taket sidan midten av september, og dei blir snart ferdige. Dei tykte at det var enkelt å setje på plass taket. Dei garanterer at taket

er tett, for elles må dei komme att å tette det. Dei byrja å jobbe klokka 7 og 4 slutta dei. Det har ikkje vore så kaldt om dagane, men det kan bli kaldare.

AKH og ER

I 1984 fekk skulen skråtak (JSA nr. 1, 1984/85).